

Samnanger kommune  
Tyssevegen 217  
5650 TYSSE

## Svar– Søknad om reetablering av offentleg tannhelseteneste i Samnanger

Viser til brev med dykker referanse 20/25/20/9811/31/JEB der dykk søker om *reetablering av fylkestannlegetenester* i Samnanger kommune.

Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har av fleire årsaker måtte legge ned nokre offentlege tannklinikkar, som Tysse tannklinik. Dei fleste fylkeskommunar har vore gjennom, eller står i, strukturplanprosessar der ein reduksjon av talet på tannklinikkar har vore naudsynt. Ei sams målsetjing er at klinikstrukturen skal tilby innbyggjarane stabile tenester av høg fagleg kvalitet og at tannhelsetenesta skal vere rigga for framtida.

- Stortingsmelding 35 (2006-2007) seier følgjande om klinikstorleik: «For å oppnå en mer hensiktsmessig oppgavefordeling innenfor tannhelsetjenesten, må klinikkene være av en viss størrelse. Klinikksammlenslång er derfor en forutsetning for at ressursene skal kunne utnyttes best mulig. De fleste fylkeskommunene har gjennomført eller er i ferd med å gjennomføre, en betydelig sentralisering av klinikstrukturen.»
- Klinikstorleik: Klinikkane må ha ein storleik som gjer at dei kan ta hand om pasientane ved vakansar, feriar og permisjonar. Det fører til at innbyggjarane får stabile og føreseielege tannhelsetenester av god kvalitet innanfor ein rimeleg reiseavstand.
  - Storleiken på tannklinikkane er og avgjeraende for at folkehelsearbeidet kan koordinerast med samarbeidspartane på ein effektiv og god måte.
  - Fagmiljø skal ha høge kvalitetsstandardar, og overføre dei til nye medarbeidarar. Behandling av ein del mindre vanlege tilstandar krev fleire pasientar dersom ein skal bygge opp erfaring. Små eininger ser sjeldan dei spesielle tilfella, og har derfor litra moglegheit til å bygje erfaringsbasert kunnskap.
  - Større fagmiljø: betre føresetnader for å kvalitetssikre tenestene som blir levert til innbyggjarane, og stabilisere kompetansen på tannklinikken.
  - Store nok og robuste eininger gir attraktive fagmiljø med høg fagleg standard og utviklingsmoglegheiter, noko som er viktig for å vere konkurransedyktige i kampen om rett kompetanse. Det kjem innbyggjarane til gode i form av auka kvalitet og stabilitet i den tenesta som skal leverast.
- Reiseavstand: Dei aller fleste pasientane i Vestland fylkeskommune har under ein time reiseveg til nærmeste tannklinik. Det er lagt til grunn at akseptabel reisetid mellom skule/heim/arbeid og tannklinikken er ein time kvar veg (og/eller 50 km).

Tannhelsetenesta er ei «sjeldanteneste», dvs. ei teneste dei fleste oppsøkjer sjeldnare enn ein gong i året. Den kan ikkje samanliknast med for eksempel skular som ein oppsøkjer dagleg.

- Skyssutgifter: Tannhelsetenesta dekkjer skyssutgifter for prioritert klientell i gruppe A (barn og ungdom frå fødsel til og med det året dei fyller 18 år), gruppe B (psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon) og gruppe C2 (eldre, langtidssjuke og uføre med kommunal heimesjukepleie) jfr. Lov om tannhelsetenesta. For born vert også reiseutgifter til følgje dekka.

Eigenandel per år er 1000 kr. Denne ordninga vernar soleis særskild dei som må ofte til tannklinikken for store utgifter til skyss.

- Betring i tannhelsa: Det har i dei siste tiåra vore ei markert betring i tannhelsa. Den store betringa i tannhelsa, spesielt i gruppene born, unge og unge vaksne, har ført til at tida mellom kvar tannhelsekontroll no normalt ligg på 18 månadar og opp til 24 månadar for pasientar i denne gruppa.
- Rekruttering: Ein ny generasjon unge tannlegar. Dei har gjerne partnarar med høgare utdanning, som også søker arbeid der kompetansen deira blir nyttiggjort. Denne generasjonen ønskjer primært å utvikle seg i større faglege og sosiale miljø.
  - For mange tilsette betyr det mykje å ha eit fagmiljø der ein kan ha eit nært samarbeid og diskutere fag. Dei faglege utfordringane er mange, og det er viktig å ha nære støttespelarar og kollegaer som kan hjelpe kvarandre, utveksle erfaringar og byggje kompetanse saman. Det vil bidra til å heve den generelle kvaliteten på tenestene.
  - Me er inne i eit generasjonsskifte, og etterkvart som dei stabile tannhelsesekretærane og tannlegane avsluttar sine yrkeskarriera, ser vi at dei små klinikkane blir endå meir utsette for vakansar ved utskifting av personell, høgare turnover/personal gjennomtrekk, fødselspermisjonar o.l.
  - Større tannklinikkar med større fagmiljø og samarbeid med tannpleiarar kan bidra med å gjøre tannhelsetenesta meir attraktiv for å rekruttere og stabilisere tannlegar i framtida.

På bakgrunn av punkta over avslår fylkestannlegen søknad om å reetablere offentleg tannklinik i kommunen.

Med helsing

Siri Espedal Vold  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*